

1. HOVUDINNGANG

Hovudinngang med billetsal, bokhandel og kunstbutikk. Inngang til utstillingane.

2. KUNST-UTSTILLINGAR

Skiftande utstillingar i visningromma Stallen, Gamle fjoset, Mellomlåven, Nye fjoset og Nye løa.



3. KUNSTBUTIKK

Kunstutsal med variert utval av kunstuttrykk frå regionale og nordiske kunstnarar.

4. KAFÉ

I det opphavelege våningshuset til prestegarden frå 1787, finn du vår kafe med meny basert på lokale råvarar.

Leikerom for dei minste. Hundar er ikkje tillatt inne.



5. OBRESTAD FYR

Fyrmuseum og skiftande utstillingar. Sjølve fyret står slik det var i 1991, når fyret blei automatisert og fråflytta.


Sjølve fyrlykta i fyrtårnet er ei fransk Fresnel- linse frå 1873, med firkanta, roterande lentiller.



9. STRANDGRAVFELT

Eit av landets største strandgravfelt med kring 60 gravrøyser som i tid strekk seg frå eldre romartid (ca. 1 - 150 e.Kr.) og fram til vikingtid (ca. 800 - 1050 e.Kr.).

Dei fleste gravminna er frå folkevandringstida (ca. 300 - 550 e.Kr.) Røysene har ulik form og storleik, og nokre inneheld fleire graver.



8. FRILUFTSLIV I KULTURLANDSKAP

Opplev dei fantastiske turmoglegheitane langs Jærkysten. Landskapsvernområde med geologiske naturminne, fredingsområde for fugl, planteliv og kulturminne,- følg Kongevegen, Kystpilgrimsleia eller andre stiar etter eige val. Ta omsyn til naturen og dyra!

Milesteinane - som den som står i det du nærmar deg prestegarden - markerar nøkkelstader langs Kystpilgrimsleia.



7. Utleige-BUSTADAR

Utleige av boligane der fyrmeisterane budde. Hybelen, Fyrmeisterbustaden, Rundehuset og 1902-huset

6. SPOR

I kjellaren til Jærhuset finn du utstillinga SPOR om steinalderen i regionen. Her får du blant anna oppleve Viste- guten slik han kan ha sett ut når han levde for 8300 år sidan.

Utstillinga tek opp nokon av dei dramatiske endringane og hendingane som prega tidlegare tider, som klimaendring, folkevandring og pandemiar, som sett dagens hendingar i eit større perspektiv.

